

## **Emnerapport (2015/vår)**

### **Emnekode og namn:**

**NOSP210, 210-L, 250, 310 og NORMAU641 Språkbruksanalyse**

### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

#### **Innleiing:**

Dette er første semester med den nye ordninga der nærstudiet *Språkbruksanalyse* (NOSP210, 210-L, 250, 310) er slått saman med fjernstudiet *Språkkunnskap for erfaringsbasert master i undervising* (NORMAU 641). Emneplanen for nærstudentane er endra frå tidlegare semester i høve til organisering av undervising, med tre samlingar og tre ulike fagkomponentar. For fjernstudentane er organiseringa av undervisinga uendra, medan innhaldet i faget no er retta inn mot temaet språkbruksanalyse. Pensum er òg heilt nytt for både nær- og fjernstudiet i høve til tidlegare semester, med unntak av pensum i stilistikk og tekstbinding for NORMAU641.

#### **Praktisk gjennomføring:**

Emnet er gjennomført i tråd med intensjonane: Tre undervisingssamlingar à to dagar der éin faglærar hadde samling 1 og 3, og éin hadde samling 2. Øvingsoppgåver med etterfølgjande løysingsforslag, lesehjelp, førelesingsnotat frå samlingane m.m. vart lagt ut på Mi side i samband med samlingane.

**Studieinformasjon:** Det vart gløymt av å revidera emneplanen i NOSP210-L for våren 2015. Sidan den nye emneplanen ikkje var formelt godkjend av dei rette instansane, måtte ein i januar 2015 få gjennom ei hastesak med godkjenning av programstyret og UUI før den rette emneplanen kunne leggjast ut på emnesida til NOSP210-L på UiB sine nettsider.

Dermed vart den gamle emneplanen liggjande på emnesida til NOSP210-L for våren 2015 fram til langt ut i januar 2015. Dei som søkte på emnesida til NOSP210-L fram til då, fekk dermed informasjon om at undervisinga var organisert i form av 2-timars førelesingar kvar veke, medan det i realiteten var lagt om til samlingsbasert undervising.

Begge faglærarane kom og informerte om emnet til fjernstudentane på siste samling for NORMAU642 hausten 2014, og til nærstudentane på orienteringsmøte januar 2015. Aktuell informasjon vart i tillegg lagt ut fortløpende på Mi side og på nettsidene til UiB både før semesteret og gjennom heile semesteret.

**Tilgang til relevant litteratur:** Alle seks pensumbøker var tilgjengelege på Akademika. I studentevalueringa er det éin som nemner som ein mangel at det ikkje var tilgang til pensumbøkene på UB.

### **Faglærar si vurdering av rammevilkåra:**

**Lokaler og undervisningsutstyr:** Har fungert greitt.

**Andre forhold:** Nei.

### **Faglærar sin kommentar til student-evalueringen:**

**Metode – gjennomføring:** Studentevalueringa vart gjennomført elektronisk på Mi side. Undersøkinga vart lagt ut i forkant av siste samling, og faglærar oppmoda studentane både på og i etterkant av samlinga om å svara på undersøkinga. Som innleiande spørsmål vart studentane bedne om å opplysa om kva emnekode dei høyрte til. Det kom inn 12 svar, 7 frå NORMAU-studentar (fjernstudentar) og 5 frå NOSP-studentar (nærstudentar).

**Oppsummering av innspel:** Studentane vart bedne om å svara på følgjande spørsmål:

**1) Kva synest du om måten undervisinga er organisert på, dvs. samlingsbasert undervising med øvingsoppgåver m.m. på Mi side i tillegg?**

Alle fjernstudentane var godt nøgde med det samlingsbaserte opplegget, det same gjaldt tre av dei fem nærstudentane. To av nærstudentane var derimot klart kritiske til at undervisinga var organisert i samlingar. Kritikken dreiar seg om at det går for lang tid mellom kvar undervising, det vert lange dagar og lita tid til fordjuping på samlingane, og stoffet får ikkje tid til å modnast i løpet av undervisinga. Ein student syntes det var krevjande å skulla studera på eiga hand utan førelesingar kvar veke som organiserer lesinga. Ein student sakna informasjon og oppfølging i høve til førebuing til skriftleg skuleeksamen. Ein etterlyste betre rettleiing i høve til øvingsoppgåvene som vart gjevne i forkant av samlingane.

**2) Korleis og i kva grad førebudde du deg til samlingane?**

Her varierer det noko kva studentane føler dei har fått tid til, men alle har i større eller mindre grad lese pensum, og dei aller fleste har nytta seg av hjelphemateriell lagt ut på Mi side i forkant av samlingane.

**3) Korleis vurderer du di eiga disponering av tida di dette semesteret?**

Dei fleste var moderat nøgde med eiga disponering av tid, somme tykte det var utfordrande å disponera seg sjølve, andre trekte fram tungt pensum i komponent 3 og tidkrevjande mappeoppgåver.

**4) Har du lese heile pensum?**

Her varierte svara ein del. Somme har lese alt, eller nesten alt, andre har berre lese delar, av ulike grunnar. Mange trekkjer fram at pensum i komponent 3 var relativt tyngre å lesa samanlikna med pensum i komponent 1 og 2, då pensum i komponent 3 er på engelsk og den eine boka i tillegg har «tungt språk».

**5) I kva grad er du generelt nøgd med undervisinga i dette emnet?**

Svært nøgd: 6

Nøgd: 5

Korkje nøgd eller misnøgd: 1

**6) I kva grad er du nøgd med den vekta dei ulike emna har fått i undervisinga?**

Svært nøgd: 5

Nøgd: 7

**7) Er det noko i undervisinga du er spesielt godt nøgd med?**

Her er det fleire faktorar som vert trekte fram: Innhald og struktur på undervisinga (7 nemner dette), 4 nemner tilbakemelding på utkast til mappeoppgåve, 2 nemner lesehjelp til

pensumbøkene lagt ut på Mi side, éin nemner at opplegget var samlingsbasert (merk at dette er ein nærstudent), éin nemner at det har vore tilstrekkeleg med informasjon undervegs.

**8) Har du innspel om korleis undervisinga kan bli betre?**

Éin meiner at vanskegraden på undervisinga var lågare enn venta, slik at undervisinga fungerte meir som ein introduksjon, og at dette kunne ha vore kommunisert i høve til leseplan, dvs. at ein med fordel kan lesa pensum i etterkant av samlingane. Éin ville gjerne hatt lesehjelp lagt ut tidlegare på Mi side. Éin vil ha alt pensum på norsk, éin vil ha meir undervising, éin vil ha tredagars samlingar i staden for todagars samlingar. Éin vil ha førelesingar jamt fordelt over semesteret for nærstudentar.

**9) Kva synest du om kvaliteten på pensumet?**

Alle meiner at kvaliteten på pensum er bra, men mange kjem med modifiserande utdjupingar til denne dommen. Éin dreg fram retorikkboka som særleg spennande å lesa. Éin saknar meir vekt på metonymi i pensum for komponent 3 og meir retorikk og mindre argumentasjonsanalyse i pensum for komponent 2. Fem meiner at pensumet til dels var tungt, og fleire av dei nemner eksplisitt at særleg pensum for komponent 3 var tungt, både fagleg og språkleg (begge bøkene er på engelsk).

**10) Kva synest du om omfanget av pensum?**

For stort: 1

Passe: 11

**11) Har du andre kommentarar til emnet?**

To fjernstudentar ønskjer at dato for samling vert offentleggjort tidlegare. To ønskjer tilgang på tidlegare leverte oppgåver i faget, for å bli kjende med sjangeren. Éin ønskjer karakter på kvar mappeoppgåve, ikkje berre ein samla karakter. To vil gjerne ha ein indikasjon på kva karakter dei ligg an til å få i samband med rettleiing av utkast. To nærstudentar etterlyser sterkt betre oppfølging av nærstudentane og føler seg forfordelte i høve til fjernstudentane.

**Ev. underveistiltak:** Ingen.

### **Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Innleiingsvis er det viktig å understreka at svara på undersøkinga tyder på at studentane i stor grad er nøgde med innhaldet og organiseringa til emnet. Den sterkeste kritikken dreiar seg om opplegget for nærstudentane.

Organiseringa av undervisinga er kritisert av to av nærstudentane, medan to andre nærstudentar som har svart på undersøkinga, er positive. Den femte nærstudenten er positiv til organiseringa av undervisinga, men ønskjer seg likevel litt meir øvingsoppgåver og undervising.

Slik det er no, er det faglærar si vurdering at nærstudentane vert noko forfordelte i høve til fjernstudentane. I opplegget for NORMAU641 ligg det nedfelt at studentane skriv ei mappeoppgåve til kvar komponent etter oppgåver som faglærar lagar til dei. Dei har som obligatorisk aktivitet å levera inn utkast til kvar oppgåve til faglærar. Faglærar gjev individuell, skriftleg rettleiing på kvart utkast.

Fjernstudentane får altså individuell oppfølging i alle tre fagkomponentar, medan nærstudentane, som i stor grad er på 200-nivå, i større grad vert overlatne til seg sjølve, noko som kan opplevast som uproblematisk for nokon 200-studentar, men utfordrande for andre.

Studentane på NOSP250 skriv sjølvvalt semesteroppgåve i éin av komponentane. Dei har som obligatorisk aktivitet å levera inn eit utkast til faglærar og får individuell rettleiing på utkastet. Faglærar skal godkjenna problemstillinga innleiingsvis. Resten av nærstudentane går opp til skriftleg skuleeksamen utan å ha fått noka form for individuell oppfølging.

Det er mogeleg for studentane å kontakta faglærar via e-post med ulike spørsmål om emnet, men terskelen for å gjera dette er truleg høgare enn terskelen for å stilla spørsmål i ein førelesingspause. Det vart oppretta eit diskusjonsforum for emnet på Mi side tidleg i semesteret som det var tanken at alle studentane kunne bruka for å kommunisera med kvarandre og med faglærarane, men det vart ikkje teke i bruk av studentane (med unntak av eitt spørsmål frå éin student). Moglegvis burde faglærar/emneansvarleg ha oppmoda studentane endå sterkare til å ta dette forumet i bruk, kanskje ved sjølv jamleg å setja i gang aktivitet der ved å leggja ut øvingsspørsmål/- oppgåver eller liknande. Studentane ser ut til å

setja pris på og ha hatt nytte av den nettbaserte oppfølginga frå faglærarane. Den nettbaserte oppfølginga er nedfelt i NORMAU-opplegget, men er per i dag ikkje eksplisitt nemnt i presentasjonen av dei ulike emnekodane for nærstudentane på uib.no. Både nær- og fjernstudentar har sjølv sagt tilgang til dette stoffet på Mi side, og så lenge opplegget er felles med NORMAU641, kunne det godt ha vore nemnt under punktet **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning** på sidene til dei ulike nærstudiekodane på uib.no.

Det som kan vera aktuelle betringstiltak er i første rekke å følgja opp nærstudentane betre i løpet av semesteret. Emnet si ressursfordeling og ressursallokering bør takast opp til vurdering slik at både nær- og fjernstudentar får optimal oppfølging.

Eit mogeleg tiltak kan kanskje vera å endra opplegget i NORMAU641 til det som for tida er opplegget i NOSP250, at studentane skriv éi sjølvvalt semesteroppgåve frå éin av komponentane, får rettleiing på eit utkast til semesteroppgåve og har breiddetest i tillegg. Slik vil opplegget verta meir likt for fjern- og nærstudentar. Det vil då kunna bli frigjort litt ressursar ved at faglærarane brukar mindre tid på rettleiing av utkast (eitt utkast versus tre per i dag) og sensurering av endelige versjonar frå fjernstudentane (ei oppgåve versus tre per i dag, men sjølv sagt større variasjon i problemstilling). Opplegget med ei mappeoppgåve per samling, og knappe fristar for innlevering av utkast til rettleiing, er relativt travelt for NORMAU-studentane, som i regelen tek studiet på deltid ved sida av jobb i skuleverket.

I og med at nærstudentane per definisjon er på campus heile semesteret, kan ein vurdera å setja i gang kollokvium, oppgåveseminar el.l. for dei. Til dømes kan ein i etterkant av kvar samling leggja ut øvingsoppgåver i form av praktisk tekstanalyse til nærstudentane med påfølgjande løysingsforslag frå faglærar. Moglegvis kan ein òg vurdera eit opplegg der nærstudentane kommenterer øvingsoppgåvesvara til kvarandre.

Ein bør òg gjerne laga ein detaljert leseplan for heile semesteret som studentane kan følgja dersom dei synest det er vanskeleg å skulla administrera seg sjølv mellom samlingane. Flesteparten av nærstudentane vil venteleg vera på 200-nivå, og det er ein stor overgang frå opplegget på 100-nivå, der det er mykje som skjer kvar veke i form av førelesingar, seminar og tilleggskurs, til eit samlingsbasert opplegg.

**Anna:** Den eine pensumboka i komponent 3 bør erstattast med annan litteratur, blant anna litteratur om metonymiteori.